Styremøte 6 - 2026

onsdag 28 oktober 2026, 16:00 - 19:30

Lonavegen 20

Agenda

Sak 35/26
Godkjenning av innkalling og saksliste

Beslutning

Forslag til vedtak:

1. Ingen merknader til innkalling og saksliste.

Sak 35 - 26 Innkalling til styremøte 6 - 2026.pdf (1 sider)

Sak 36/26
Godkjenning av protokoll frå styremøte 5 - 2026

Beslutning

Forslag til vedtak:

1. Det var ingen merknader til protokoll for styremøte 5 - 2026

Sak 37/26
Pensjonsordning i ØyVAR

Beslutning

Administrasjonen orienterer om alternative pensjonsløysingar innanfor tariffavtalen og tilrår vidare utgreiing av hybridpensjon for nytilsette.

Forslag til vedtak:

1. Styret tek saka om framtidig pensjonsordning i ØyVAR til orientering.
2. Styret ber administrasjonen greie ut ei lukking av dagens pensjonsordning for eksisterande tilsette, med innføring av hybridpensjon for nytilsette.
3. Styret ber administrasjonen invitere dei tillitsvalde til formelt drøftingsmøte om oppretting av ei tospora pensjonsordning, der eksisterande tilsette held fram i dagens ordning og hybridpensjon gjeld for nytilsette etter ein fastsett skjeringsdato. Resultatet av drøftingane skal forankrast i lokal særavtale eller omforeint protokoll
4. Før endeleg gjennomføring skal saka leggast fram for styret for endeleg godkjenning.

Sak 37 - 26 Pensjonsordning i Øyvar.pdf (3 sider)

Sak 38/26
Tiltak for å sikre infrastruktur

Beslutning

Saka gjeld forslag til sikringstiltak ved anlegga innan vassforsyning. Styret skal ta stilling til sprinkling av Fjæreide vassverk og skallsikring av fem vassverk og 16 høgdebasseng, med ei samla kostnadsramme på 3,5 mill. kroner ekskl. meirverdiavgift.

Forslag til vedtak:

1. Styret vedtek at Fjæreide vassverk skal sprinkling og gjennomførast innanfor ei ramme på 1 400 000 kroner ekskl. meirverdiavgift.
2. Styret vedtek skallsikring av fem vassverk innanfor ei samla ramme på 500 000 kroner ekskl. meirverdiavgift.
3. Styret vedtek skallsikring av 16 høgdebasseng innanfor ei samla ramme på 1 600 000 kroner ekskl. meirverdiavgift.

Sak 38 - 26 Sikring av anlegg.pdf (2 sider)

Sak 39/26
Næringsprisar for avfall

Beslutning

Saka gjeld fastsetjing av prisar for renovasjonstenester til næringskundar frå 1. januar 2027. Alle prisane er oppgjevne utan meirverdiavgift.

Forslag til vedtak:

1. Styret i ØyVAR vedtek satsane for innsamling av næringsavfall frå 1. januar 2027 slik dei går fram av tabell 2 i saka.
2. Styret i ØyVAR vedtek å vidareføre satsane for levering av grovavfall frå næringskundar til gjenbruksstasjonen uendra i 2027.
3. Styret i ØyVAR vedtek å auke satsen for deklarering av farleg avfall med 5 %.
4. Styret vedtek at satsane for handtering av næringsavfall frå Øygarden kommune skal fastsetjast etter sjølvkostprinsippet.

Sak 39 -26 Fastsetjing av prisar for renovasjonstenester - næringskundar 2027.pdf (3 sider)

Sak 40/26
Tilsyn Statsforvalteren

Orientering

Statsforvalteren har gjennomfør tilsyn av avløpsområde til Storanipa avløpsreinseanlegg. Administrasjonen gjev ei orientering om resultata frå gjennomført tilsyn.

Forslag til vedtak:

1. Styret i ØyVAR tek saka til orientering.

Sak 40 -26 Tilsyn Statsforvalteren i Vestland.pdf (1 sider)
Sak 40 - 26 vedlegg 1 - Tilsynsrapport - Storanipa - ØyVAR - 2026.pdf (4 sider)

Sak 41/26
Tenestestandard

Orientering

Kommunane rapporterer årleg nøkkeltal frå verksemda til SSB. Som ein del av tenesteutviklinga er det viktig å følgje utviklinga over tid og samanlikne resultata med tilsvarande kommunar. I denne saka blir resultata gjennomgått.

1. Styret i ØyVAR tek saka til orientering

Sak 41 - 26 Teneste standard.pdf (3 sider)
Sak 41 - 26 Vedlegg 1 - Kommunebarometer 2026.pdf (45 sider)

Sak 42/26
Orientering frå drifta

Orientering

I denne saka blir styret orientert om drifta i selskapet.

Forslag til vedtak:

1. Styret i ØyVAR tek saka til orientering.